

Uttale frå 11 grunneigarar ved Kvitebergsvatnet til

Fornya søknad frå Ølve Bruk om konsesjon etter vassressurslova for uttak av vatn frå Kvitebergsvatnet

Innleiing

Det tre kilometer lange Kvitebergsvatnet med dei mange holmane har stor opplevingsverdi. Fastbuande, hyttefolk og tilreisande brukar vatnet til friluftsliv, rekreasjon, fiske og bading. Det er ofte båtar, kanoar og kajakkar å sjå på vatnet. Mange går tur og sykklar på skogsvegen på austsida, blant anna for å oppleve kulturminnene etter gruvedrift i Attramadal og bakstehellebrot i Fuglebergsåsen, begge besøksmål i Geopark Sunnhordland.

Det er fastbuande folk på 10 av gardane som grensar til vatnet, i tillegg er her 10-12 hytter/fritidsbustader som ofte er i bruk. I Attramadal, på Kviteberg, Plasset, Ivarsneset, Røyrane og i Ambarevika er det naust og støer. Rundt vatnet er det fleire sandstrender. Den nyetablerte bubilplassen på Røyrane har vatnet som sitt viktigaste trekkplaster.

Me som bur ved eller brukar Kvitebergsvatnet er redde for at den omsøkte reguleringa av vatnet kan få uheldige konsekvensar for vår bruk av vatnet, for friluftslivet, livet i vatnet, for vandrane sjøaure og åi i Hytteelva, og ikkje minst for den nye reiselivsverksemda på Røyrane. Ei synleg nedtapping av vatnet vil endra landskapet og vera eit stort og skjemmaende naturinngrep som reduserer opplevingsverdien og gjer Kvitebergsvatnet mindre attraktivt.

Tidlegare regulering og ny søknad

Midt på 1980-talet fekk Sea Farm løyve til å henta vatn frå Kvitebergsvatnet til anlegget sitt på Slagget. Dei brukte 8000 liter i minuttet til produksjon av 5 tonn fisk i året. Dei hadde løyve til å senka vatnet ned til 0,8 meter under normalnivå.

Føreliggjande søknad gjeld vassforsyning til eit nytt og mykje større settefiskanlegg på Ølve Industribase der det er snakk om 16 200 liter vatn i minuttet for produksjon av 30 000 tonn settefisk i året. No blir det søkt om regulering frå kote 9,5 (normalnivå) til kote 7,9, altså ei senking av vatnet med 1,6 meter i tørre periodar, dobbelt så mykje som i Sea Farm-perioden.

Ølve Bruk fekk løyve til slik regulering i 2016, men løyvet gjekk ut då dei ikkje tok det i bruk. Difor søker dei på nytt om det same.

Alternative tekniske løysingar

Det nye i den føreliggjande, fornya søknaden er at det no er på tale å i ta i bruk ny teknologi for å redusera vassforbruket. I den nye søknaden heiter det at anlegget vil vera «...delvis sjøvannsbasert/hybrid med bruk av vannsparende teknologi.»

Men søknaden har inga utfyllande utgreiing om kva type teknologi som skal brukast i anlegget for å spara vatn.

I dag kan moderne settefiskanlegg drivast med resirkuleringsteknologi (RAS), som reduserer ferskvassbehovet mykje. Det finst også tekniske løysingar som ikkje treng tilgang på ferskvatn.

Slike alternative løysingar har vore framme i samtalar mellom Ølve Bruk og kommunen. Det viser brev av 22. januar 2025 frå Kvinnherad kommune, ref. 2024/5321-14, der det heiter: «Som det vart sagt i oppstartsmøtet er planarbeidet (for reguleringsplan Ølve Industribase) ikkje 100% avhengig av vasskonsesjonen. Dette fordi, dersom det skal etablerast drift på industriområdet som krev ferskvatn og det ikkje er løyve frå NVE, kan det løysast med enten tekniske løysingar eller annan type produksjon».

Dette tyder på at det kan vera eit alternativ for søkjar å etablere drift i Ølve utan behov for ferskvatn. Industriplanane kan i tilfelle realiserast utan inngrep i Kvitebergsvatnet.

I samband med søknaden frå 2014 meinte **Fylkesmannen** at auka vassuttak frå Kvitebergsvatnet var eit unødvendig naturinngrep, då krav til best tilgjengelege teknologi ikkje var oppfylt. Fylkesmannen rådde til at søknaden vart avslegen.

NVE uttalte at «... dersom Ølve Bruk vel å satse på eit resirkuleringsanlegg vil Kvitebergsvatnet med dagens regulering på 0,8 m gi svært romsleg vassstilgong og moglegheiter for eventuell framtidig utviding.»

I **NVE** si vurdering den gongen vert det vist til utrekningar som viser «...at magasinet i eit gjennomsnittleg år ikkje vert tappa ned meir enn ca 0,8 meter, men at vatnet i tørre år kan bli tappa ned om lag 1,3 meter (kote 8,3). I det spesielt tørre året 2010 viser berekna magasinkurve at vatnet ville vore tappa ned 1,56 m (kote 7,9) utan ekstra vassparande tiltak.»

Berekningane av det omsøkte vassuttaket er basert på 90 års observasjon av nedbør (1934-2024) i Røykenesvatnet i Osvassdraget. Ut frå desse vil Ølve Bruk i eit middels år ha bruk for å senka vasstanden 214 av årets 365 dagar, nedtappinga vert truleg størst på vårvinteren. (NVE si vurdering 2016). Og det er altså snakk om ei nedtapping på maksimalt 0,8 meter i eit gjennomsnittleg år utan bruk av vassparande tiltak. Ved bruk av vassparande teknologi, verkar det unødvendig å be om å få tappa vatnet 1,6 meter ned til kote 7,9.

Me vil tru tilgangen på vassparande teknologi er betre i dag enn for ti år sidan, og at argumenta for krav om å ta i bruk vassparande teknologi ikkje har minka sidan den gong.

Hydrologiske tilhøve

Det undrar oss at dei årlege nedbørsmengdene i Kvitebergsvatnet vert samanlikna med Røykenes i Osvassdraget som har ein annan type nedslagsfelt. Røykenes får tilførsel frå det høgareliggjande Gullfjellet som i fleire år har sett norsk nedbørsrekord. Halvøya som Kvitebergsvatnet ligg på, er eit tørrare, lågtliggjande, kupert kystlandskap som ligg mellom meir nedbørsrike fjellmassiv i aust (Kvinnheradsfjella) og vest (Tysnesfjella).

Biologiske tilhøve

Kvitebergsvatnet er svært grunt, særleg i nordre enden og ved Røyrane. I tillegg er det mange grunner og skjer elles i vatnet. Å tappa eit grunt vatn 1,6 meter ned er eit stort naturinngrep. Ein rapport frå 2000 (Rådgivende Biologer) viser at 27,5 % av vatnet har ei djupne på mellom 0 og 5 meter. Same rapporten fortel om lågt oksygenivå i vatnet. Lågare vassnivå kan gje endå lågare oksygenivå. Ved gjentakande regulering av vatn til låg vasstand kan økosystemet bli endra. Viktige leveområde for fisk, amfibier og insekt kan gå

tapt. Gyteområde kan tørka ut, næringsområde bli borte, det kan bli algevekst i vatnet. Dårleg lukt kan og bli ei plage. For å få kunnskap om dei sannsynlege følgjene av denne omsøkte reguleringa, bør det utarbeidast ein uavhengig konsekvensanalyse.

M.a. dette bør vurderast: Vassdynamikk og djupne, temperatur- og oksygenforhold, vasskvalitet, botnfauna, tilhøve for fisk og gyteplassar, kantvegetasjon samt konsekvensar for amfibier og fuglar. (Sjå vedlegg med opplysningar frå Gaute Velle UIB/Norvege.)

Det er blodiglar i Kvitebergsvatnet. Blodiglen er freda. Fleire stader langs vatnet veks takrøyr, som er sjeldan på Vestlandet.

Skaper vansker for bruk av vatnet

Konsekvensanalysen må og sjå på følgjene ei eventuell regulering får for den allmenne bruken av vatnet.

Ei nedtapping til meir enn 0,8 meter vil skapa vanskar med å koma utpå vatnet og iland. I Attramadal, på Tveitane, Kviteberg, Plasset, Ivarsneset og på Røyrane er det naust som blir liggjande langt oppe på land. I Ambarevikja ligg fem naust som vil mista tilgangen til vatnet. Der sandstrendene i dag inviterer til badeliv, kan uframkomeleg gjørmebotn koma til å setja ein stoppar for badelysta.

Store konsekvensar for Røyrane Bobilparkering

Nyetablerte og svært populære Røyrane bobilparkering kan bli spesielt hardt råka. Denne bubilplassen vart i 2023 kåra til «Norges Beste Bobilplass». I 2024 hadde plassen ca 2000 overnattingar i løpet av sesongen som varer frå mars til oktober. Ei nedtapping av vatnet i denne tida vil vera øydeleggjande for reiselivsbedrifta.

Kulturminner ved vatnet

På austsida av Kvitebergsvatnet har det vore bergverksdrift i nesten tusen år. Her vart det produsert baksteheller frå 1000-talet og i fleire hundre år, i Attramadal var det kisgruvedrift i periodar frå 1640-åra til 1920. Både bakstehellene og kisen vart frakta over vatnet og vidare ned til sjøen. Fleire stader er det spor etter denne aktiviteten i form av lasteplassar og steintippar heilt nede i strandkanten. Like nord for Ambarevika står ein oppmura steinkai til minne om transporten frå dei automatisk freda bakstehellebrota. Denne steinkaien er eit uregistert automatisk freda kulturminne. Heilt i sør, i Skutlavika, ligg bakstehellebrotet Ingridhidlaren heilt i vasskanten.

Vandring av sjøaure og ål

Kvitebergsvatnet er det beste fiskevatnet i Kvinnherad, her er det mykje fin aure å få. Ei fiskesperre som lenge hindra sjøaure i å vandra opp i vatnet, er no fjerna. Framtidig minstevassføring i Hytteelva må bli slik at det som før er mogeleg for sjøaure å gå opp i vatnet. På same måten må det leggjast til rette slik at ål med opphav i Kvitebergsvatnet finn vegen heim frå Saragassohavet.

Uforståeleg om flaum

Søknaden inneheld ein uforståeleg påstand om at det omsøkte tiltaket kan hindra at vatnet ved flaum kjem opp i fylkesvegen. Det heiter: «Tiltaket vil medføre en mer aktiv bruk av dagens magasin i Kvitebergsvatnet, og med det avdempes de ulemper som har vært i flomperioder der vannstanden noen steder kan komme nærmere fylkevegen.»

Det stemmer ikkje at vatnet har kome opp i fylkesvegen. Det skjedde ikkje ein gong då fiskesperra til Sea Farm gjekk tett.

Konklusjon

- 1. Nye teknologiske løysingar gjer det er mogeleg å etablera det planlagde fiskeanlegget, og slik skapa nye arbeidsplassar i Ølve, utan dei omsøkte vassmengdene. Ølve Bruk må påleggjast å bruka den beste tilgjengelege vassreduserande teknologien/resirkuleringsanlegget, slik at behovet for ferskvatn vert minst mogeleg. På den måten kan reguleringa av Kvitebergsvatnet unngåast eller avgrensast mykje.**
- 2. Me saknar ei utførleg utgreiing av kva konsekvensar den omsøkte vassreguleringa vil få for livet i og bruken av Kvitebergsvatnet. Me ber difor om at søkjar får utarbeidd ei slik uhilda konsekvensutgreiing som grunnlag for den vidare søknadsprosessen.**
- 3. Minstevassføringa i Hytteelva må leggja til rette for vandring av ål og sjøaure. Søkjar må, om han får konsesjon, påleggjast å få etablert nødvendig anlegg for vandring.**

Vedlegg: Opplysningar frå professor Gaute Velle UIB/Norce om kva som bør vurderast i ein konsekvensanalyse.

Følgjande grunneigarar har skrive under på denne uttalen:

Thomas Gravdal, gnr. 23/bnr. 1 og 3

Knut Jarle Hovland, gnr. 25/bnr. 1

Otto Auran, gnr. 22/bnr. 1 og 2

Gjert-Egil Fjelldal, gnr. 22/bnr. 4

David Gareth Woodland, Nora Skatvedt og Sunniva Woodland Skatvedt, gnr. 22/bnr. 3

Ingemar Røyane, gnr. 21/bnr. 1

Kari Louise Røyane, gnr. 21/bnr. 3

Eva Røyane, gnr. 21/bnr. 7

Jon Atle Barek, gnr. 12/bnr. 8

Veronica K. Hellestveit, gnr. 17/bnr. 1

Bjørn-Olav Netland, gnr. 28/bnr. 1

(Brevet vert sendt elektronisk og er difor ikkje signert.)